Statsforvalteren i Vestland

Vår dato: 09.02.2026
Vår ref: 2019/1448
Deres dato:
Deres ref:

METALLCO BERGEN AS
Postboks 15 Alnabru
0614 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Endring av løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg og tilbakemelding på vurdering av BAT-konklusjoner - Metallco Bergen AS

Statsforvaltaren har med bakgrunn i mottatt BAT-utgreiing vurdert at Metallco Bergen AS er omfatta av IED og BAT-konklusjonane for avfallsbehandling.

Vi har sett krav om overvaking av grunn og grunnvatn, og utgreiing av diffuse utslepp.

Verksemda har ikkje har utslepp som er omfatta av dei bindande utsleppskrava i BAT-konklusjonane (BAT-AEL). Vi har oppdatert nokre vilkår i løyve.

Vi viser til pålegg om vurdering av verksemda sin etterleving av BAT-konklusjonar, datert 2. oktober 2019 og verksemda sin tilbakemelding datert 7. november 2019. Av ulike grunnar er ikkje saka svara ut får no, og vi seier oss leie for det.

Vedtak
Statsforvaltaren endrar Metallco Bergen AS sitt løyve til drift av avfallsanlegg etter forureiningslova. Det oppdaterte løyve med krav og vilkår ligg vedlagt.

Endringar som er gjort:
Vilkår 4.1: Fjerna siste del i setninga om at forureina avløpsvatn skal samlast opp og etterpå infiltrerast i grunnen. Kravet er direkte feil.
Vilkår 8.1: Teke bort heile kapittelet om krav om tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn. Dette kapittelet er erstatta med krav til overvaking av farlege stoff i grunn og grunnvatn.
Vilkår 19.1: Nytt krav til utgreiing av diffuse utslepp

Endringane i løyve er gjort med heimel i forureiningslova § 18 fjerde ledd.

Saksgang
Statsforvaltaren handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova. Endringane i løyve er av mindre miljømessig betydning, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd punkt b). Saka er difor ikkje lagt ut til offentleg ettersyn.

Bakgrunn
BAT-konklusjonar for avfallsbehandling (Waste Treatment BREF) ble vedtatt 10.08.2018 og publisert 17.08.2018. Dette inneberer at verksemder som er omfatta av regelverket skal følgje BAT-krava frå og med 17.08.2022.

BAT-konklusjonane gjer greie for dei beste tilgjengelege teknikkar for å avgrense forureining og omfattar også bindande utsleppsgrenseverdiar (BAT-AEL) for einskilde prosesser.

Omfang
Kva verksemder som er omfatta følgjer av vedlegg I til forureiningsforskrifta kapittel 36 (eller innleidninga i BREF). Det er her oppgitt terskelverdiar, som er utslagsgivande for om ein er omfatta eller ikkje. Terskelverdiane er basert på kapasitet, ikkje faktisk produksjon.

Presiseringar i regelverket
BAT-AEL er tilknytt konkrete aktivitetar, og gjeld for utslepp av prosessvatn og punktutslepp til luft. Dette kan bety at ikkje alle verksemder vil få BAT-AEL krav, då dei ikkje har slike utslepp.

Verksemda er omfatta av IED, men ikkje av BAT-AEL
Metallco Bergen AS sin utgreiing av 7. november 2019 er vurdert om verksemda drives i tråd med beste tilgjengelege teknikkar.

Statsforvaltaren har vurdert om vilkåra i verksemda sitt løyve datert 20. desember 2018 må oppdaterast i samsvar til BAT-konklusjonane. Verksemda er omfatta av IED etter 5.3 b i vedlegg I til forureiningsforskrifta kapittel 36, men får ikkje BAT-AEL-krav då verksemda ikkje har relevante utslepp. Ny vurdering kan gjerast dersom nye opplysningar om utslepp eller kapasitet tilseier at utsleppskrava i form av BAT-AEL må innførast.

Tilstandsrapport
Krav til utarbeiding av tilstandsrapport om mogeleg forureining av grunn og grunnvatn følgjer også av IED, og er teke inn i norsk rett i forureiningsforskrifta § 36-21.

Verksemda har utarbeidd ein tilstandsrapport datert 19. juni 2019, jf. krav i løyve punkt 8.1. Granskinga syner at verksemda ikkje vil påføre forureining til grunn eller grunnvatn. Alle uteområde er asfaltert og berre vert brukt til køyreområde og parkeringsområde. Den historiske gjennomgangen syner at det ikkje er mistanke om historisk forureining i grunnen under nyoppført bygg frå tidlegare eller andre verksemder i nærleiken. Grunn og grunnvatn vert vurdert som upåverka av farlege stoff. Det blir i rapporten konkludert med at det ikkje er nødvendig å dokumentere tilstanden i grunnen gjennom vidare gransking. Dette vilkåret er fjerna i løyve og er erstatta av krav om overvaking i grunn og grunnvatn.

Overvaking av grunn og grunnvatn
Vi har sett krav om overvaking av farlege stoff i grunn og grunnvatn minst ein gong kvart femte år for grunnvatn og ein gong kvart tiande år for grunn. Statsforvaltaren har sett ein sjeldan frekvens då vi vurdera at det er lav risiko for forureining, sidan verksemda har fast dekke og gode oppsamlingssystem.

Tilsyn gjennomført av Statsforvaltaren 21.05.2025 avdekka at kasserte køyretøy stod lagra utandørs i påvente av sanering inne i hallen. Område utandørs er asfaltert, med fall mot kum og gruslagd område utanfor verksemda si avgrensing. Ved en eventuell lekkasje vil det være vanskeleg å hindre at avrenning går til overvassnettet eller til grunn.

Den mellombelse lagringa var ikkje risikovurdert. I tilbakemeldinga frå verksemda datert 03.10.2025 blir det opplyst at det kan skje at einskilde køyretøy vert plassert utanfor bygning i fasen mellom vrakmelding og sanering. Verksemda har no merka plass i hall til usanerte bilar og denne skal nyttast fullt ut.

Denne aktiviteten kan ha ført til forureining i grunnen. Statsforvaltaren har derfor sett vilkår om overvaking av grunn og grunnvatn og i tillegg utredning av diffuse utslepp. I opphaveleg løyve var det krav til at ein har oversikt over utslepp til vatn. No har vi i vilkår 19.1 sett konkrete krav til utgreiinga og ein frist for innsending til Statsforvaltaren. Dette er noko vi krev at alle avfallsanlegg leverer inn.

Varsel om gebyr
Vi varslar om at Metallco Bergen AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si saksbehandling. Vi varslar å fastsetje eit gebyr etter sats 8, som utgjer 14 100 kroner. Vedtaket om gebyr vil bli heimla i forureiningsforskrifta § 39-4.

Fristen for å kommentere varselet om gebyr er tre veke.

Klagerett
Metallco Bergen AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ei eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva endringar ein ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha betydning for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Kristin Espeset
senioringeniør

Sissel Storebø
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: oppdatert løyve

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Metallco Bergen AS

Statsforvaltaren gir Metallco Bergen AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 18. april 2017, 19. mars 2018 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som var opplyst i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Metallco Bergen AS
Stad/gateadresse	Fleslandsvegen 73A (kontor) og 73B (industribygg)
Postadresse	Postboks 2348 Solheimsviken, 5824 Bergen
Kommune og fylke	Bergen i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	971 918 187 (eigd av: 889 976 322)
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 291518, nord: 6688472
Gards- og bruksnummer	gnr. 110 bnr. 5
NACE-kode og bransje	38.320 - Engroshandel med avfall og skrap
Kategori for verksemda [1]	5.3 b

Referansane til Statsforvaltaren

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2018.1107.T	1201.0778.01 1201.0778.02 1201.0778.03	2017/5243

Løyve gitt første gang:	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18, 3.ledd[2]:	Løyve sist endra:
20.12.2018	-	09.02.2026

Kristin Espeset
senioringeniør

Sissel Storebø
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

[1] Forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova
[2] Forureiningslova § 18 tredje ledd om endring og omgjering av løyve etter 10 år

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Statens hus, Kaigaten 9, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl
Org.nr. 974 760 665

Endringslogg

Endrings-nummer	Endringer av	Punkt	Skildring av endring
1	Xxxx	Heile dokumentet	Fylkesmannen er ersatta med Statsforvaltaren
		4.1	Fjerna siste del i setninga om at forureina avløpsvatn skal samlast opp og etterpå infiltrerast i grunnen.
		8.1	Teke bort heile kapittelet om krav om tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn og er erstatta kapitelet om krav til overvaking av grunn og grunnvatn.
		14.4	Endra e-post adresse til sfvlpost@statsforvaltaren.no
		19.1	Nytt krav til utgreiing av diffuse utslepp

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 4
1.1 Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider 5
1.2 Utforming av anlegget 5
2 Generelle vilkår 6
2.1 Utsleppsavgrensingar 6
2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 6
2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald 6
2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 6
2.5 Internkontroll 6
2.6 Krav til kompetanse 7
2.7 Finansiell sikring 7
3 Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall 7
3.1 Journalføring 7
3.2 Mottakskontroll 8
3.3 Informasjon til kundar 8
3.4 Krav til dekke 8

3.5 Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar 9
3.6 Mottak og lagring av farleg avfall 9
3.7 Behandling av EE-avfall 9
3.8 Behandling av kasserte køyretøy 9
3.8.1 Miljøsanering 9
3.9 Vidarelevering av avfall 9

4 Utslepp til vatn **10**
4.1 Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn 10
4.2 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m 10
4.3 Utsleppsstad for avløpsvatn 10
4.4 Reint overvatn 10
4.5 Oversikt 10
4.6 Sanitæravløpsvatn 11

5 Utslepp til luft **11**

6 Støy **11**

7 Omsyn til nærmiljø **11**

8 Grunnforureining og forureina sediment **11**
8.1 Tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn 12

9 Kjemikal **12**

10 Energleiing **13**

11 Avfall frå drifta av anlegget **13**

12 Førebygging og beredskap mot forureining **14**
12.1 Miljørisikoanalyse 14
12.2 Førebyggjande tiltak 14
12.3 Etablering av beredskap 14
12.4 Varsling om akutt forureining 14

13 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren **14**
13.1 Kartlegging av utslepp 14
13.2 Utsleppskontroll 15
13.3 Kvalitetssikring av målingane 15
13.4 Program for utsleppskontroll 15
13.5 Rapportering til Statsforvaltaren 16

14 Overvaking av resipient **16**

15 Utskifting av utstyr **16**

16 Eigarskifte **17**

17 Nedlegging **17**

18 Tilsyn **18**

19 Granskingar og utgreiing **18**

VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1 ***19***

VEDLEGG 2 – Definisjonar ***21***

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall.

Liste over avfallsfraksjonar og aktivitetar som er omfatta av løyvet går fram av punkt 1.1.

Maksimal mengde avfall lagra på verksemda sitt område skal ikkje overstige 1500 tonn. Verksemda kan årleg ta imot maksimalt 75 000 tonn avfall. Detaljerte krav går fram av punkt 1.1.

Figur 1 viser kart over anleggsområdet. Aktivitet knytt til løyvet skal gå føre seg på området som vist i figuren.



Figur 1: Kart over anleggsområdet til Metallco Bergen AS i Fleslandvegen 73A (kontorbygg) og 73B (industribygg).

Verksemda er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten utbetaler vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

Dersom ein aktivitet er regulert både i løyve og forskrift er det strengaste krav som gjeld.

Vedlegg 2 viser ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet

1.1 Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider

Oversikt over avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet:

Type avfall	**Maksimal lagringsmengde**	**Maksimal lagringstid**	**Aktivitet**
Jern og metall		12 månader	Mottak, behandling*** og lagring
Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) *	200 tonn		Mottak, miljøsanering og lagring
Farleg avfall i stykkgods og bulklast, inkludert batteri, lysstoffrøyr og sparepærer**	100 tonn		Mottak og lagring
Kasserte køyretøy - *usanerte*	50 tonn	6 dagar	Mottak, miljøsanering, pressing og lagring
- *sanerte*	50 tonn	1 månad	

* For mottak og lagring av EE-avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt. Denne forskrifta gjeld også for lysstoffrøyr og sparepærer som er definert som både EE-avfall og farleg avfall.
** For mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og krava i vedlegg 4 til dette kapittelet. Batteri er i tillegg omfatta av avfallsforskrifta kapittel 3 om kasserte batteri.
*** Behandling som sortering, klipping, skjering, pressing og demontering. Løyvet omfattar ikkje fragmentering.

Ved unntaksvis behov for lengre lagringstid (til dømes streik) skal verksemda på førehand utarbeide eigne planar for dette som omfattar skildring av avfallsmengder og typar, tidsrom, tiltak for å hindre forureining med vidare. Planane for dette skal gå fram i internkontrollen og skal kunne leggast fram ved tilsyn. Eigne planar for lagring utover tillate lagringstid skal rapporterast til Statsforvaltaren så snart som mogleg og i årsrapporten, jf. punkt 13.5 i løyvet.

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i dette løyvet. Krav til lagring er nærare omtalt under punkt 3 i løyvet.

Løyvet omfattar ikkje deponering eller permanent lagring av avfall.

1.2 Utforming av anlegget

Verksemda skal utforme alle bygningar, gjerder, dekke og liknande etter gjeldande lovverk og reguleringsføresegner, og eventuelt andre planføresegner for området.

Handtering av avfall skal skje på område som er utilgjengeleg for uvedkommande.

Verksemda skal best mogleg skjerme bustader, nærområde og offentleg veg for skjemmande innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter eller tilsvarande for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere forureining, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.

2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift[3] Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

[3] Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til forureining følgjer av punkt 12.1.

2.6 Krav til kompetanse

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på følgjande område:

- farleg avfall og EE-avfall: Opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere farleg avfall og EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling
- kasserte elektriske- eller hybridbilar: godkjent opplæring og kompetanse for behandling dersom verksemda handterer denne typen verktøy

2.7 Finansiell sikring

Verksemda skal stille økonomisk sikring for kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved anlegget til verksemda ved nedlegging, stans eller ved betalingsproblem, jf. avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 punkt 4.

Utan ei godkjent finansiell sikring kan ikkje verksemda ta imot farleg avfall ved anlegget, med mindre Statsforvaltaren har gått med på ei mellombels utsetjing av kravet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innflytelse, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast Statsforvaltaren. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før Statsforvaltaren har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg selskap er ansvarleg etter løyvet fram til nytt driftsansvarleg selskap har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Statsforvaltaren.

Dersom verksemda har ein avtale om kontopant og tilhøva er tilfredsstillande, skal eventuelle middel som ikkje har vorte nyta til avhending av avfallet tilbakeførast til verksemda.

3 Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall

Avfall må behandlast, handterast og lagrast slik at kvaliteten ikkje blir redusert eller avfallet blir mindre eigna for gjenvinning. Behandling, handtering og lagring må heller ikkje føre til fare for sjølvtenning.

3.1 Journalføring

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags avfall, kvalitet og mengder som blir teke imot og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje på vekt. Mengder og

leveringsstader for avfallet ut frå anlegget skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

På bakgrunn av journalen skal verksemda sikre at det er balanse mellom avfallsmengder inn til og ut av anlegget, og avfall til behandling og på lager.

Det er særskilte krav til journalføring for miljøsanering av kasserte køyretøy, jf. punkt 3.8.1.

3.2 Mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.

Verksemda skal spesielt følgje opp følgjande i samband med mottakskontrollen:

- kasserte køyretøy: dokumentert mottakskontroll som sikrar at kasserte køyretøy ikkje fører til fare for forureining.
- farleg avfall: system som sikrar at motteke farleg avfall er deklarert slik at den vidare handteringa kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. All deklarering skal skje via www.avfallsdeklarering.no.

3.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

Det skal særleg informerast om at EE-avfall, farleg avfall og våtorganisk avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av konteinarar, krav i kontraktar og avtaler, informasjon på nettsider med vidare.

3.4 Krav til dekke

Tett dekke

Behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal gå føre seg på tett dekke.

Verksemda kan nytte anna lagringsmåte viss miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

For kasserte køyretøy skal følgjande uansett lagrast på tett dekke:

- mellomlagring av skadde køyretøy eller andre køyretøy med fare for lekkasje
- oppstilling av sanerte og pressa køyretøy

Vedlikehald av dekke

Verksemda må gjennomføre regelmessig inspeksjon og vedlikehald av dekket.

3.5 Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal gå føre seg innandørs (i bygning med tak og fire vegger) eller lukka konteinarar.

3.6 Mottak og lagring av farleg avfall

For anlegg for mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og krava i vedlegg 4 til dette kapittelet, i tillegg til krava i dette løyvet.

3.7 Behandling av EE-avfall

Behandling av EE-avfall skal gå føre seg i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 1, IV Plikter for behandlarar i tillegg til krava i dette løyvet.

3.8 Behandling av kasserte køyretøy

For mottaks- og behandlingsanlegg for kasserte køyretøy gjeld krava i avfallsforskrifta § 4-7 i tillegg til krava i dette løyvet.

3.8.1 Miljøsanering

Miljøsanering av kasserte køyretøy skal minst følgje krava i avfallsforskrifta kapittel 4, vedlegg 1 om kasserte køyretøy.

Ferdigsanerte køyretøy skal korttidslagrast på tappeplassen for at eventuell væske som er igjen i bilen kan drype av.

3.9 Vidarelevering av avfall

Verksemda skal leggje til rette for høgast mogleg grad av sortering og gjenvinning av alt avfall.

Vidarelevering av avfall skal skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta vedlegg II om karakterisering og kriterium for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11[4].

EE-avfall skal leverast til lovleg mottak eller behandlingsanlegg. EE-avfall som inneheld radioaktive kjelder skal handterast i samsvar med regelverk for Statens strålevern.

Farleg avfall skal leverast til anlegg med løyve etter forureiningslova til å ta imot farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

[4] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

4 Utslepp til vatn

4.1 Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall og eventuelt spyle- og vaskevatn og overvatn frå trafikkområde skal reknast som forureina avløpsvatn.

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering, inkludert under tak, er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast før levering til lovleg avfallsanlegg.

Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og passere ein kontrollkum tilrettelagt for mengdemåling og uttak av prøver.

Det er ikkje tillate å sleppe ut forureina avløpsvatn til grunn og overvassystemet, inkludert vassførekomst Bekker Fleslandsområdet.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

4.2 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.

Eventuelt avløpsvatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrensa fastsett i tabell under blir halden. Oljeutskiljaren skal vere dimensjonert for dei faktiske vassmengdene som blir tilført.

Tabell: Utsleppsgrense for avløpsvatn forureina med olje

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseeining for avløpsvatn forureina med olje	Olje	5 mg/l

Verksemda må gjennomføre tiltak for å hindre utslepp av plast og liknande.

4.3 Utsleppsstad for avløpsvatn

Verksemda skal infiltrere det forureina avløpsvatnet i grunnen.

4.4 Reint overvatn

Reint overvatn skal førast vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Avrenning av reint overvatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Berre reint overvatn kan førast til vassførekomst Bekker Fleslandsområdet. Dersom målingane viser at overvatnet inneheld forureining må verksemda gjennomføre tiltak.

4.5 Oversikt

Verksemda må ha dokumentert oversikt over leidningsnett, kummar, tankar, oljeutskiljarar, utslepp- og prøvetakingspunkt og liknande.

4.6 Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløpsvatn skal handterast etter krav frå kommunen.

5 Utslepp til luft

Verksemda skal drive slik at støv og lukt ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

6 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg rundt verksemda skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	**Laurdagar**	**Sun- og heilagdagar**	**Kveld (kl. 19–23), kvardagar**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**
55 L_{den}	50 L_{den}	45 L_{den}	50 $L_{evening}$	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.
$L_{evening}$ er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.
L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.
L_{AFmax} er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si drift, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemdsområdet er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnt over som er etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

7 Omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for lukt, støv, forureina avrenning, samling av fugl, flygeavfall, skadedyr eller anna forureining eller andre ulemper for omgivnadane. Om nødvendig må tiltak setjast i verk. Nærare krav er omtalt under punkt 0, 4, 5 og 6.

8 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda plikter vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknadane av eit eventuelt utslepp til grunn og grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp til grunn og grunnvatn eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like jamleg. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadane og ulempene som verksemda skal unngå.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[5], eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningspotensialet i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukt, framstilt eller frigitt ved verksemda og treffe dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast forureiningsstyresmakta. Opplysningar om dei tiltaka den ansvarlege har sett i verk, skal gjerast tilgjengeleg for offentlegheita. Forureiningsstyresmakta kan stille ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå elles punkt 16.

8.1 Overvaking av grunn og grunnvatn

Den driftsansvarlege skal sørge for overvaking av farlege stoff i grunn og grunnvatn minst éin gong kvart femte år for grunnvatn og ein gong kvart tiande år for grunn.

Resultata frå overvakinga skal sendast forureiningsstyresmakta innan 3 månader etter utført overvaking. Overvakingsdata skal registrerast i databasen Grunnforurensning innan 1. mars året etter at overvakinga er gjennomført.

9 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til

[5] Jf. Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid

kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.[6]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[7] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

10 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing. Systemet skal sikre kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.5 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan 31. desember 2019.

11 Avfall frå drifta av anlegget

Så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper pliktar verksemda å unngå at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal ho prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta[8].

Søl frå olje eller kjemikal skal fjernast med absorberande middel og behandlast som farleg avfall.

Avfall som oppstår skal om mogleg brukast på nytt i produksjonen. Dette må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

[6] Produktkontrollova § 3a om substitusjonsplikta
[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)
[8] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

12 Førebygging og beredskap mot forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse, og må vurdere resultata av analysen med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved endringar ved anlegget skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

På anlegget er det særskilte krav til innhald i risikovurderinga:

- All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering.

12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

12.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Viss aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

12.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[9]. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvaltaren.no i slike tilfelle.

13 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

13.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal systematisk kartleggje alle utslepp frå verksemda til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av programmet for utsleppskontroll, jf. punkt 13.4.

Det er særskilt krav til oversikt over overvatn og forureina avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande røyrsystem og grad av forureining.

[9] Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

13.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre vurderingar, og målingar der det er naudsynt.

Målingar omfattar volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i *løyvet*
- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og med det er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling - prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

13.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Statsforvaltaren kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at det særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta dersom slik tenesteyter finst.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulert gjennom presise grenseverdiar, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og –frekvensar gir representative prøver.
- jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

13.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 13.1 første ledd), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 13.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 13.3)

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- Ei utgreiing for verksemda sine faktiske utslepp til luft og vatn, og støy, med ein oversikt over alle utsleppstraumar, volum og innhald, til luft og vatn
- Ei skildring av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- Ei skildring av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvens for måleutstyrskontroll og kalibrering
- Ei grunngiving for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- Ei skildring av valde metodar/standard for analyse
- Viss aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og /eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- Ei utgreiing for kva for utsikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

13.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik frå førre år via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenkontrollrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no.

I tillegg skal verksemda innan 1. mars kvart år rapportere frå førre år til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, og kvar avfallet er levert vidare
- Lagerstatus ved slutten av året (31. desember)
- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Eventuelle avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak
- Vurdering av status for utslepp og påverknad av miljø vurdert opp mot krava i løyvet
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemda har heldt krava i løyvet og om verksemda fører til miljøulemper som bør utbetrast

14 Overvaking av resipient

Dersom måling av vatn viser tilførsel av forureining til elva vest for anlegget som er ein del av vassførekomst Bekker Fleslandsområdet, skal verksemda delta i overvaking av elva.

15 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille dei krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining som følgjer av relevante BAT-konklusjonar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Viss verksemda skal skifte ut utstyr som kan vere av vesentleg tyding for verksemda sitt utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

16 Eigarskifte

Om verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjoner/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innverknad, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til forureiningsstyresmakta. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før forureiningsstyresmakta har mottatt og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet.

17 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Viss verksemda allereie har stilt garanti i samsvar med løyvet, kan forureiningsmynde i samband med ei nedlegging eller lengre driftsstans likevel krevje at garantien om nødvendig blir utvida.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[10]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

[10] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

18 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

19 Granskingar og utgreiingar

19.1 Utgreiing av diffuse utslepp

Verksemda skal gjere greie for sine diffuse utslepp til vatn ved å:

- kartlegge kjelder til diffuse utslepp (for eksempel overvatn)
- anslå kva stoff, herunder prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Verksemda skal utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhald av dei ulike stoffa i utsleppa
- anslå storleik på det diffuse utsleppet per kjelde (vassmengd og årleg mengde av forureinande stoff)
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse utsleppa
- gjere greie for mogelege tiltak for å redusere diffuse utslepp av skadelege stoff. Utgreiinga skal også vurdere kostnader for tiltak, forventa effekt på utslepp og angje ein tidsplan for tiltak.

Utgreiinga skal gje nok opplysningar til at forureiningsstyresmakta kan:

- regulere diffuse utslepp av prioriterte miljøgifter og andre stoff med miljømessig betydning med utslippsgrenser
- vurdere om den driftsansvarlege bør gjennomføre tiltak for å redusere diffuse utslepp av skadelege stoff
- vurdere om utslippa kan føre til uakseptabel miljøpåvirkning.

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 01.06.2026.

VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar:	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Ftalat	DEHP
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
Bisfenol A	BPA
Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 – Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelt i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelt i Norsk Standard lagt til grunn. I dei tilfelle der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk regelverk/standardar gjeld følgjande definisjonar:

Avløpsslam: Alle typar avløpsslam/slam som oppstår i samband med avløpsreinseanlegg, septiktankar/slamavskiljarar, mindre innretningar og samlekummar for avslamming av sanitært avløpsvatn og overvatn, og andre oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn.

Avløpsvatn: sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn

Behandling: prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne

Bulklast: last som blir frakta i laus form i lasterom eller vogner. Døme på bulklast er trevirke

Fast dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes asfalt. Ikkje grus og liknande

Handtering: fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling

Køyresterkt dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes grus

Lagring: all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna lovleg mottak

Omlasting: all overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar

Organisk avfall: matavfall, hageavfall og anna avfall som kan brytast ned frå hushald og næring, inkludert avfall frå industri som kan brytast ned, landbruk, akvakultur og avløpsslam

Overvatn: overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn

Sortert avfall: avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar

Stykkgods: last som blir frakta i einingar som kan handterast av kran eller køyretøy. Døme på stykkgods er fat, store sekkar eller pallar

Tett dekke: fast ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei material/avfallstypar som skal handterast på eller i

same område som det tette dekket (vatn, væske, faste stoff og liknande). Tett dekke er normalt betong i dag

Usortert avfall: avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling

Våtorganisk avfall: matavfall og avfall frå næringsmiddelindustri, som avfall frå produksjon av kjøt, fisk, meieriprodukt, øl og mineralvatn, frukt og grønt, og bakarvarer

Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, telefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato
20.12.2018
Dykkar dato
18.04.2017

Vår referanse
2017/5243
Dykkar referanse
Tom Gusdal

Metallco Bergen AS
Postboks 2348, Solheimsviken
5824 Bergen

Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Metallco Bergen AS

Metallco Bergen AS har fått løyve til mottak, lagring og behandling av avfall i Fleslandsvegen 73 i Bergen kommune. Det er gitt løyve til mottak av farleg avfall, miljøsanering av EE-avfall og kasserte køyretøy, og behandling av jern og metall.

Det er mellom anna sett grenser for lagringsmengder og lagringstider for dei ulike avfallstypane. Løyvet regulerer også utslepp til vatn, luft og støy.

Vi viser til søknad av 18. april 2017 og oppdatert søknad av 19. mars 2018 om løyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen gir løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6, og følgjer vedlagt. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn har vi vurdert etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet, har vi regulert gjennom særlege vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt under sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

At vi har gitt løyve til forureininga, fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljødirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter, er straffbare.

I dei tilfelle der det er krav både i løyve og i forskrift er det dei krava som er strengast av forskrifta og løyvet som gjeld.

I vedlegg 2 i løyvet er ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet.

Offentleggjering av løyvet
Vedtaket om løyvet vil bli offentleggjort på www.norskeutslipp.no.

Industriutsleppsdirektivet og BAT-konklusjonar
Verksemda er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED) og må setje seg inn i kva dette inneber. Det vil etter kvart bli utarbeidd såkalla BAT[1]-referansedokument (BREF) for kvar enkelt bransje som er omfatta av direktivet. BREF omtaler mellom anna status for brukte teknikkar i sektoren, teknikkar som er vurdert med sikte på å bestemme BAT, og BAT-konklusjonar og eventuelle nye BAT-teknikkar som er under utvikling.

BREF med krav til behandling av avfall kom i august i år og kan gje spesifikke krav til enkelte avfallsanlegg, mellom anna til mottak for farleg avfall. Etter at BAT-konklusjonen (dokument som set juridisk bindande utsleppsgrenser) er publisert, er det frist på 4 år til at BAT-krava er innarbeidd i løyvet og til verksemda skal kunne halde krava. BREF for behandling av avfall er ikkje tolka av forureiningsmynde endå. Fylkesmannen vil derfor ta kontakt med verksemda på eit seinare tidspunkt for å leggje ein plan for oppfølging av krava og endring av løyve.

Denne nettsida gir god oversikt over relevante IED-avgjerder/dokument:
http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/

Som følgje av at IED er tatt inn i norsk rett, har forureiningsforskrifta fått nye føresegner. Eitt av dei nye krava er at verksemdene skal kjenne til og dokumentere eventuell forureining i grunn og grunnvatn før det blir gitt løyve til ny verksemd, eller før eksisterande løyve blir revidert. Forureiningsgrad og utbreiing av forureiningane skal dokumenterast i ein tilstandsrapport. Dette er sett som vilkår i punkt 8.1. i løyvet.

[1] Best Available Techniques (beste tilgjengelege teknikkar)

Bakgrunn og søknad
Metallco Bergen AS søker om å etablere eit anlegg for mottak, lagring og behandling av avfall. Det er søkt om å ta imot og lagre jern og metall, EE-avfall, farleg avfall og kasserte køyretøy. EE-avfall og kasserte køyretøy er det i tillegg søkt om å miljøsanere, og jern og metall er det søkt om å behandle i form av sortering, klipping, skjering, pressing og demontering. Det er søkt om ei årleg mottaksmengde av avfall på 75 000 tonn og å lagre inntil 1500 tonn avfall på anlegget.

Det er opplyst i søknaden at all handtering, inkludert lagring av avfall skal gå føre seg innandørs i hall. Vidare står det opplyst at det vil bli etablert eit system med sandfang og oljeutskiljarar for reinsing av alt overvatn før dette blir leia ut til kommunalt nett. Anlegget vil bli etablert med faste betongdekke på heile området.

Verksemda oppdaterte søknaden etter høyring ved å redusere avfallsmengdene og opplyse om at all handtering, inkludert lagring av avfall skal gå føre seg innandørs i hall i staden for at store mengder avfall skulle lagrast utandørs.

Det er også i ettertid opplyst at vatn frå oljeutskiljar blir leia til Flesland reinseanlegg og at påsleppsavtale er under arbeid. Overvatn frå utearealet skal samlast opp i kummer og infiltrerast i grunnen. Avrenning vil etter kvart komme ut i bekken og vidare til Lønninghavn. Vidare står det opplyst at verksemda vil ta ei prøve av vatnet i bekken før oppstart og analysere på olje i vatn, tungmetall og ein del stoff på OBS-lista for å kunne ha ein bakgrunnsverdi.

Saksgang
Søknaden har vore på offentleg høyring i Bergens Tidende og på nettsida til Fylkesmannen. Søknaden vart også sendt til Bergen kommune for uttale. Det kom ein uttale frå den offentlege høyringa, frå Bergen kommune, og verksemda har fått kommentere uttalen.

Metallco Bergen AS sendte oppdatert søknad etter høyringa der lokasjon var endra til nabotomta, grense for maksimal avfallsmengde på lager var redusert og opplysningar om at all handtering, inkludert lagring av avfall skal gå føre seg innandørs. Bergen kommune vart bedt om ny uttale til den oppdaterte søknaden, men Fylkesmannen har ikkje fått ny uttale.

Uttale frå Bergen kommune
Oppsummering av uttalen frå Bergen kommune:

Miljørettet helsevern ved Helsevernenheten opplyser at verksemda i utgangspunktet blir etablert i rød støysone (pga. flystøy). Det blir påpeikt at bebuarane i slike område må vernast mot ytterlegare støybelastning. Vidare står det opplyst at opplysningar i støyrapporten ikkje stemmer overeins med søknaden, mellom anna når det gjeld driftstider og avstanden frå verksemda til næraste bustad. Det blir påpeikt at det er svært viktig at resultata bygger på korrekte opplysningar slik at støyreduserande tiltak kan evaluerast så tidleg som mogleg. Vidare påpeiker Miljørettet helsevern at det at verksemda skriv at drift vil bli basert på best tilgjengeleg teknokologi (BAT) inneber å bruke teknologi som er kjent å gi minst belastningar på det yre miljø. Det kan til dømes lydmessig vere vesentleg forskjell mellom beste og dårlegaste køyretøy, maskineri/produksjonsutstyr.

Miljørettet helsevern viser til at det i søknaden ikkje går tydeleg fram kva slags farleg avfall verksemda søkjer om å ta imot, og at det manglar fullstendig omtale av mottak, registrering, lagring/oppbevaring og avhending. Vidare står det at radioaktivt avfall er nemnt og etaten stiller spørsmål til om lagring av radioaktivt avfall er aktuelt for denne verksemda. Vidare står det at det Miljørettet helsevern opplyser at dersom dette avfallet blir handtert og lagra forsvarleg kan dei ikkje sjå at dette vil utgjere ei direkte helsemessig ulempe for naboane.

Miljørettet helsevern reknar med at Fylkesmannen vil vurdere faren for utslepp og uhell, og følger opp internkontroll med avviksbehandling etc. og uttaler seg derfor ikkje til dette. Vidare står det påpeikt at det bør settast krav til miljøundersøkingar ved avvikling av verksemda slik at kommunen ikkje blir sittande igjen med ei eventuell opprydding.

Det står opplyst at fleire av dokumenta i søknaden ser ut til å gjelde andre avdelingar i Metallco AS. Miljørettet helsevern reknar med at Fylkesmannen gir tilbakemelding på at innhaldet i internkontroll, kvalitetssystem og handbøker skal avspeile søkarens eiga verksemd og ikkje vere kopi frå søsterverksemder.

Byutvikling/Vann- og avløpsetaten opplyser at Metallco ønsker å føre forureina overvatn via oljeutskiljar og til offentleg avløpsnett, men at det ikkje kjem klart fram i søknaden kva for offentleg avløpsnett det er tenkt ført til og om avløpsvatnet skal førast til grunn. Det blir opplyst at dersom oljeholdig avløpsvatn skal til offentleg avløpsnett, gjeld Bergen kommune si *Forskrift om påslipp av olje- og fettholdig avløpsvann, Bergen kommune, Hordaland*. Der står det i § 15 at «…overvann tillates ikkje ført til olje- og fettutskillere». Dersom oljeutskiller for overvann er eneste praktiske løsning, må den dimensjoneres for maksimal belastning og at det blir tatt omsyn til framtidige lokale nedbørsmengder for framtida. Det står opplyst at sandfang tilknytt oljeutskiljar bør tømmast hyppig for å ivareta sin funksjon, og på same tid hindre oljeutskiljaren i å fyllast med slam. Sandfangsmassar tilknytt oljeutskiljar er i hovudsak farleg avfall.

Vidare står det opplyst at uavhengig av resipient (vassdrag, grunn eller avløpsnett) bør det setjast krav til kva det oljehaldige avløpsvatnet/overvatnet kan innehalde av både olje og andre parameter før utslepp. Det er sannsynleg at det på eit område med klipping og skjæring av metall, demontering av bilvrak og mellomlagring av slikt avfall og EE-avfall vil førekome andre forureiningar enn olje, slik som tungmetall, PAH mm., sjølv med gode arbeidsrutinar for verksemda. Vidare står det at grenseverdien for olje i avløpsvatnet bør setjast til maksimalt 5 mg/l. Det står også at risiko for utslepp bør revurderast ved å auke sannsynet for utslepp av forureina overvatn, då det nettopp blir søkt om utslepp av forureina overvatn.

Kommentarar frå Metallco Bergen AS til uttalene
Verksemda opplyser til Miljørettet helsevern:

- driftstidene i støyrapporten som er rette og at dette er retta i søknadsdokumentet. I tillegg er avstand frå verksemda til næraste nabo retta opp.
- BAT – verksemda blir sertifisert for ISO 9000 og 14000 der metodar for dette er eit krav.
- Farleg avfall – oppdatert oversikt over avfall er lagt inn i søknaden. I EE-avfallet inngår røykvarslere som er radioaktive, alt anna radioaktivt avfall vil bli detektert ved mottak og avvist.
- Forureining – Verksemda forventar krav om finansiell sikring i samsvar med gjeldande lovverk.

- IK-system – Metallco Bergen AS vil få sitt eige sett med instrukser tilpass si verksemd, men dette vil bli integrert med Metallco AS sitt system. På den måten kan ein lære av kvarandre og med det produsere på ein sikker og trygg måte med omsyn til personar og miljø.

Verksemda opplyser til Byutvikling/Vann- og avløpsetaten:

- All produksjon og lagring skal skje innandørs.
- Alle forhold rundt handtering av overvatn og påslepp er omtalt i søknad om løyve tiltak med Bergen kommune i byggesøknaden.
- Prøvetakingskum vil bli plassert rett etter avløp.
- Instruks for oljeutskiljar vil innehalde omtale av tilsyn og vedlikehald av sandfang.
- Massar frå sandfang vil bli deponert på lovleg måte i samsvar med innhald av farlege stoff.
- Verksemda forventar krav på utslepp som tilsvarande andre i same bransje.

Fylkesmannen si vurdering og grunngiving
Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Vi har teke omsyn til innkomne uttaler, og lagt desse til grunn ved utforming av løyvet.

Forhold til plan
Området verksemda er plassert i er regulert til føremålet industri, jf. reguleringsplan nummer 18800000. Ytrebygda, gnr. 110 bnr. 5, vedtatt 30. oktober 2013. Verksemda er med det ikkje i strid med gjeldande reguleringsplan.

Avfallstypar og aktivitetar
Alle aktivitetane verksemda har søkt om er kjent å kunne føre til forureining av miljøet dersom det ikkje blir gjort førebyggjande tiltak. Kommunen påpeikte at det ikkje var oppgitt kva typar farleg avfall verksemda skal ta imot.

Når vi gir løyve til eit mottak for farleg avfall regulerer vi normalt ikkje kva for typar farleg avfall anlegga kan ta imot. Kommunale mottak for farleg avfall er heller ikkje regulert med tanke på typar, men krav i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 3 skal sikre at mottak, lagring og vidarelevering av farleg avfall skjer forsvarleg på desse anlegga. Derfor regulerer vi som regel ikkje avfallstypane, men vi regulerer mengda farleg avfall verksemda kan ha på lager til ei kvar tid for å sikre rask omløpstid av avfallet. I tillegg gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 til forsvarleg mottak, lagring og vidarelevering av farleg avfall.

Verksemda har etter første høyring opplyst om at alle aktivitetane skal gå føre seg på tett dekke og innandørs i hall. Slike tiltak vil avgrense forureining frå avfallet til miljøet vesentleg både med tanke på utslepp til luft, vatn og støy. Vi vurderer at det er forsvarleg å gi løyve til desse aktivitetane med vilkår om at aktivitetane skal gå føre seg på tett dekke (normalt betong) og innandørs (i bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinarar. Vi har opna opp for å lagre noko avfall i lukka konteinarar utandørs, men vi presiserer at dersom det er mogleg skal alt avfall lagrast innandørs i hall og at kasserte køyretøy uansett skal lagrast innandørs.

I løyvet er det krav om at verksemda skal redusere forureining og lagring av avfall så langt som mogleg. Ved lagring av store mengder avfall er det viktig med god omløpshastigheit for å hindre at avfall hopar seg opp. Oversikt er avgjerande for god omløpshastigheit og god utsleppskontroll.

Internkontroll og miljørisikovurdering
Kommunen ber Fylkesmannen gi tilbakemelding til verksemda på at internkontroll, kvalitetssystem og handbøker skal avspegle søkarens eiga verksemd og ikkje vere kopi frå søsterverksemder. Vi krev ikkje at internkontrollen er ferdig utvikla og er vedlagt ein søknad etter forureiningslova. Vi regulerer heller ikkje forma, men vi minner om at det er viktig at rutinar og miljørisikovurdering med handlingsplanar er knytt til lokaliteten det er søkt om løyve til. Det inneber at rutinane og miljørisikovurderingane med handlingsplanar skal gjenspegle aktivitetane og dei lokale forholda på lokaliteten. Dette er eit krav i internkontrollforskrifta § 5 og internkontrollen vil bli kontrollert på tilsyn.

Vi har stilt store krav til miljørisikovurdering i løyvet. Det er mellom anna krav om at verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda og at ein skal ha særskild kompetanse på farleg avfall, EE-avfall og kasserte elektriske- og hybridbilar. I tillegg er det eit krav om at all behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering. Vi oppfordrar verksemda til å bruke Norsk Standard eller tilsvarande metode for risikovurdering. Verksemda skal drive med fleire aktivitetar som krev høg kompetanse og avanserte vurderingar med tanke på risiko. Eit godt verktøy for risikovurdering kan støtte opp om dette.

Utslepp til luft
Det er ikkje venta at aktivitetane skal føre til nemneverdig utslepp til luft med dei vilkåra som er sett i løyvet. Vi har derfor sett generelt krav om at støv eller lukt ikkje skal føre til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

Utslepp til vatn
Fylkesmannen har sett krav om at utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering, inkludert lagring, ikkje er tillate. Det var tidlegare tillate, og for mange også eit krav, å la avrenning frå avfallshandtering innandørs gå via sandfang og/eller oljeutskiljar før utslepp til sjø. Kravet er no at dekket innandørs skal vere heilt tett utan sluk til avløp eller ein må ha oppsamling på tett tank. Avrenning frå innandørs avfallshandtering skal samlast opp, handterast og klassifiserast før levering til lovleg avfallsanlegg. Grunnen til dette er at erfaring har vist at avrenning frå handtering av avfall kan innehalde helse- og miljøskadelege stoff som igjen fører til at store mengder miljøgifter blir ført til sjø. Vi minner også om at oljeutskiljar er eit system for å reinse overvatn som inneheld olje, han er ikkje rekna for å reinse andre typar miljøgifter.

I tillegg har vi sett som krav om at alt vatn utandørs (overvatn) som har vore i kontakt med avfall, eventuelt spyle- og vaskevatn og overvatn frå trafikkområde skal samlast opp, ev. førast via oljeutskiljar dersom vatnet er forureina med olje, og etterpå infiltrerast i grunnen. Avrenning vil vidare gå til bekk vest for anlegget som er del av vassførekomsten Bekker Fleslandsområdet. Bekken har utløp i Lønninghavn. Reint overvatn (regnvatn) må verksemda prøve i størst mogleg grad å hindre at blir forureina og avskjere vatnet der det er mogleg.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021. Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn god økologisk tilstand.

Vasskvaliteten i Bekker Fleslandsområdet har ifølgje data i Vann-Nett moderat økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er sett til god. Vassførekomsten er i risiko på grunn av påverknad frå industri i området, og nye tiltak er nødvendig for å nå god miljøtilstand.

Det er også krav om oversikt over overvatn og forureina avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande røyrsystem og grad av forureining. Dersom måling av vatn viser tilførsel av forureining til grunn eller elv/bekk, så må det gjerast tiltak.

Fylkesmannen vurderer at med dei reinsetiltak og krav som er sett, så vil utslepp frå verksemda ikkje vere til hinder for at miljømålet for vassførekomsten blir heldt.

Vurdering etter naturmangfaldlova
I Naturbase og Artskart er det ikkje registrert artar eller utvalde naturtypar som er klassifisert som trua eller nært trua i direkte nærleik av tiltaket. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka i hovudsak skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt.

Området er regulert til industri og det er ikkje grunn til å tru at tiltaket vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet med dei krava som er sett i løyvet. Naturmangfaldet blir i liten grad påverka av tiltaket og det er ikkje påvist effektar av tiltaket på verdifull natur. Fylkesmannen har derfor vurdert at det ikkje vil vere nødvendig å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12, då dette er dekt av krava i løyvet.

Støy
Verksemda ligg i eit industriområde der det er lagt til rette for denne type verksemd. Kommunen påpeiker at verksemda i utgangspunktet blir etablert i rød støysone (pga. flystøy) og at bebuarane rundt må vernast mot ytterlegare støy.

Vi har sett standardkrav for støy som gjeld for industri. Verksemda plikter å halde grenseverdiane for støy heile døgnet og krava inkluderer transport på området. Vi vurderer at dette er eit område som er belasta med mykje støy og at det er nødvendig å ta omsyn til naboar og nærmiljø. Derfor er det viktig at verksemda gjer gode vurderingar ved val av utstyr og materiale ved bygging av hall. Rett bruk av risikovurdering vil vere avgjerande for å få rett bilde på risikoen for uakseptabel støy og for å gjere risikoreduserande tiltak. Det er også viktig at verksemda set seg inn i BREF for avfallsanlegg og dei tilhøyrande BAT-konklusjonane der.

Vi minner også om plikta til samordning. Verksemder som er samla på eit lite geografisk område har plikt til samordning. Verksemdene som ligg tett ved kvarandre skal, når det er nødvendig, skriftleg avtale kven av dei som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen for deira felles aktivitetar eller område, jf. internkontrollforskrifta § 6 om samordning. For å styrke arbeidet med å redusere risiko og sårbarheit er samordning av internkontroll viktig. Fylkesmannen legg til grunn at verksemda vurderer område der det er nødvendig med samordning, til dømes støy, førebygging og handtering av brann, utslepp, omsyn til nærmiljø med vidare.

Finansiell sikring og nedlegging
Verksemda har krav om å stille finansiell sikring til dekning av kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved nedlegging, stans eller ved betalingsproblem, jf. avfallsforskrifta kapittel

11 vedlegg 4 punkt 4. Vi behandlar finansiell sikring for farleg avfall som eigen sak og tar kontakt med verksemda om dette på nyåret.

Kommunen meiner det bør settast krav til miljøundersøkingar ved avvikling av verksemda slik at kommunen ikkje blir sittande igjen med ei eventuell opprydding. Verksemda har i tillegg til krav om finansiell sikring for farleg avfall krav i løyvet om å motverke fare for forureining ved nedlegging. Verksemda skal melde til Fylkesmannen om nedlegging og vi skal følgje opp med mellom anna tilsyn.

Konklusjon
Vi har vurdert at fordelane av verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgje av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane blir drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil miljøtilhøva bli tilfredsstillande teke vare på. Fylkesmannen gir derfor løyve etter forureiningslova.

Fristar
Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	**Frist**	**Tilvising til vilkår**
Sende årsrapport til FM for førre år innan 1. mars kvart år	1.mars	13.5
System for energileiing skal vere etablert	31.desember 2019	10
Sende vurdering til Fylkesmannen av om forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast	31.desember 2019	8.1
Sende rapport til Fylkesmannen dersom verksemda må gjennomføre trinn 5-8 i rettleiar M-630|2016	1.august 2020	8.1
Sende inn resultat etter overvaking av grunn og grunnvatn	1.mars året etter gjennomføring	8.2

Gebyr
Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeid med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 84 300 kroner i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved handsaming av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage
Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunngitt. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Med helsing

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Nina Vadøy
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Løyve etter forureiningslova med vilkår

Kopi til:
Bergen kommune

Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Metallco Bergen AS

Fylkesmannen gir Metallco Bergen AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 18. april 2017, 19. mars 2018 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som var opplyst i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Metallco Bergen AS
Stad/gateadresse	Fleslandsvegen 73A (kontor) og 73B (industribygg)
Postadresse	Postboks 2348 Solheimsviken, 5824 Bergen
Kommune og fylke	Bergen i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	971 918 187 (eigd av: 889 976 322)
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 291518, nord: 6688472
Gards- og bruksnummer	gnr. 110 bnr. 5
NACE-kode og bransje	38.320 - Engroshandel med avfall og skrap
Kategori for verksemda [1]	5.5

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2018.1107.T	1201.0778.01 1201.0778.02 1201.0778.03	2017/5243

Løyve gitt første gang: 20.12.2018	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18, 3.ledd[2]: -	Løyve sist endra: -
Hallvard Hageberg senioringeniør		Nina Vadøy overingeniør
Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift		

[1] Forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova
[2] Forureiningslova § 18 tredje ledd om endring og omgjering av løyve etter 10 år

E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no | **Tlf.:** 55 57 20 00 | **Internett:** www.fylkesmannen.no/hordaland
Besøksadresse: Statens Hus, Kaigaten 9 | **Postadresse:** Postboks 7310, 5020 Bergen

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 4
1.1 Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider 5
1.2 Utforming av anlegget 5
2 Generelle vilkår 6
2.1 Utsleppsavgrensingar 6
2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 6
2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald 6
2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 6
2.5 Internkontroll 6
2.6 Krav til kompetanse 7
2.7 Finansiell sikring 7
3 Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall 7
3.1 Journalføring 7
3.2 Mottakskontroll 8
3.3 Informasjon til kundar 8
3.4 Krav til dekke 8
3.5 Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar 9
3.6 Mottak og lagring av farleg avfall 9
3.7 Behandling av EE-avfall 9
3.8 Behandling av kasserte køyretøy 9
3.8.1 Miljøsanering 9
3.9 Vidarelevering av avfall 9
4 Utslepp til vatn 10
4.1 Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn 10
4.2 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m. 10
4.3 Utsleppsstad for avløpsvatn 10
4.4 Reint overvatn 10
4.5 Oversikt 10
4.6 Sanitæravløpsvatn 11
5 Utslepp til luft 11
6 Støy 11
7 Omsyn til nærmiljø 11
8 Grunnforureining og forureina sediment 11
8.1 Tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn 12
9 Kjemikal 12
10 Energleiing 13
11 Avfall frå drifta av anlegget 13
12 Førebygging og beredskap mot forureining 14
12.1 Miljørisikoanalyse 14
12.2 Førebyggjande tiltak 14
12.3 Etablering av beredskap 14
12.4 Varsling om akutt forureining 14
13 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen 14
13.1 Kartlegging av utslepp 14
13.2 Utsleppskontroll 15
13.3 Kvalitetssikring av målingane 15
13.4 Program for utsleppskontroll 15
13.5 Rapportering til Fylkesmannen 16

14 Overvaking av resipient 16
15 Utskifting av utstyr 16
16 Eigarskifte 17
17 Nedlegging 17
18 Tilsyn 18
VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1 19
VEDLEGG 2 – Definisjonar 21

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall.

Liste over avfallsfraksjonar og aktivitetar som er omfatta av løyvet går fram av punkt 1.1.

Maksimal mengde avfall lagra på verksemda sitt område skal ikkje overstige 1500 tonn. Verksemda kan årleg ta imot maksimalt 75 000 tonn avfall. Detaljerte krav går fram av punkt 1.1.

Figur 1 viser kart over anleggsområdet. Aktivitet knytt til løyvet skal gå føre seg på området som vist i figuren.



Figur 1: Kart over anleggsområdet til Metallco Bergen AS i Fleslandvegen 73A (kontorbygg) og 73B (industribygg).

Verksemda er godkjent av Fylkesmannen til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten utbetaler vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

Dersom ein aktivitet er regulert både i løyve og forskrift er det strengaste krav som gjeld.

Vedlegg 2 viser ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet

1.1 Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider

Oversikt over avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet:

Type avfall	**Maksimal lagringsmengde**	**Maksimal lagringstid**	**Aktivitet**
Jern og metall		12 månader	Mottak, behandling*** og lagring
Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) *	200 tonn		Mottak, miljøsanering og lagring
Farleg avfall i stykkgods og bulklast, inkludert batteri, lysstoffrøyr og sparepærer**	100 tonn		Mottak og lagring
Kasserte køyretøy			Mottak, miljøsanering, pressing og lagring
- *usanerte*	50 tonn	6 dagar	
- *sanerte*	50 tonn	1 månad	

* For mottak og lagring av EE-avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt. Denne forskrifta gjeld også for lysstoffrøyr og sparepærer som er definert som både EE-avfall og farleg avfall.
** For mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og krava i vedlegg 4 til dette kapittelet. Batteri er i tillegg omfatta av avfallsforskrifta kapittel 3 om kasserte batteri.
*** Behandling som sortering, klipping, skjering, pressing og demontering. Løyvet omfattar ikkje fragmentering.

Ved unntaksvis behov for lengre lagringstid (til dømes streik) skal verksemda på førehand utarbeide eigne planar for dette som omfattar skildring av avfallsmengder og typar, tidsrom, tiltak for å hindre forureining med vidare. Planane for dette skal gå fram i internkontrollen og skal kunne leggast fram ved tilsyn. Eigne planar for lagring utover tillate lagringstid skal rapporterast til Fylkesmannen så snart som mogleg og i årsrapporten, jf. punkt 13.5 i løyvet.

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i dette løyvet. Krav til lagring er nærare omtalt under punkt 3 i løyvet.

Løyvet omfattar ikkje deponering eller permanent lagring av avfall.

1.2 Utforming av anlegget

Verksemda skal utforme alle bygningar, gjerder, dekke og liknande etter gjeldande lovverk og reguleringsføresegner, og eventuelt andre planføresegner for området.

Handtering av avfall skal skje på område som er utilgjengeleg for uvedkommande.

Verksemda skal best mogleg skjerme bustader, nærområde og offentleg veg for skjemmande innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter eller tilsvarande for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere forureining, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.

2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift[3] Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

[3] Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til forureining følgjer av punkt 12.1.

2.6 Krav til kompetanse

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på følgjande område:

- farleg avfall og EE-avfall: Opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere farleg avfall og EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling
- kasserte elektriske- eller hybridbilar: godkjent opplæring og kompetanse for behandling dersom verksemda handterer denne typen verktøy

2.7 Finansiell sikring

Verksemda skal stille økonomisk sikring for kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved anlegget til verksemda ved nedlegging, stans eller ved betalingsproblem, jf. avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 punkt 4.

Utan ei godkjent finansiell sikring kan ikkje verksemda ta imot farleg avfall ved anlegget, med mindre Fylkesmannen har gått med på ei mellombels utsetjing av kravet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innflytelse, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast Fylkesmannen. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før Fylkesmannen har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg selskap er ansvarleg etter løyvet fram til nytt driftsansvarleg selskap har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Fylkesmannen.

Dersom verksemda har ein avtale om kontopant og tilhøva er tilfredsstillande, skal eventuelle middel som ikkje har vorte nyta til avhending av avfallet tilbakeførast til verksemda.

3 Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall

Avfall må behandlast, handterast og lagrast slik at kvaliteten ikkje blir redusert eller avfallet blir mindre eigna for gjenvinning. Behandling, handtering og lagring må heller ikkje føre til fare for sjølvtenning.

3.1 Journalføring

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags avfall, kvalitet og mengder som blir teke imot og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje på vekt. Mengder og

leveringsstader for avfallet ut frå anlegget skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

På bakgrunn av journalen skal verksemda sikre at det er balanse mellom avfallsmengder inn til og ut av anlegget, og avfall til behandling og på lager.

Det er særskilte krav til journalføring for miljøsanering av kasserte køyretøy, jf. punkt 3.8.1.

3.2 Mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.

Verksemda skal spesielt følgje opp følgjande i samband med mottakskontrollen:

- kasserte køyretøy: dokumentert mottakskontroll som sikrar at kasserte køyretøy ikkje fører til fare for forureining.
- farleg avfall: system som sikrar at motteke farleg avfall er deklarert slik at den vidare handteringa kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. All deklarering skal skje via www.avfallsdeklarering.no.

3.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

Det skal særleg informerast om at EE-avfall, farleg avfall og våtorganisk avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av konteinarar, krav i kontraktar og avtaler, informasjon på nettsider med vidare.

3.4 Krav til dekke

Tett dekke

Behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal gå føre seg på tett dekke.

Verksemda kan nytte anna lagringsmåte viss miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

For kasserte køyretøy skal følgjande uansett lagrast på tett dekke:

- mellomlagring av skadde køyretøy eller andre køyretøy med fare for lekkasje
- oppstilling av sanerte og pressa køyretøy

Vedlikehald av dekke

Verksemda må gjennomføre regelmessig inspeksjon og vedlikehald av dekket.

3.5 Krav til tak og vegger for nokre avfallstypar

Behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal gå føre seg innandørs (i bygning med tak og fire vegger) eller lukka konteinarar.

3.6 Mottak og lagring av farleg avfall

For anlegg for mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og krava i vedlegg 4 til dette kapittelet, i tillegg til krava i dette løyvet.

3.7 Behandling av EE-avfall

Behandling av EE-avfall skal gå føre seg i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 1, IV Plikter for behandlarar i tillegg til krava i dette løyvet.

3.8 Behandling av kasserte køyretøy

For mottaks- og behandlingsanlegg for kasserte køyretøy gjeld krava i avfallsforskrifta § 4-7 i tillegg til krava i dette løyvet.

3.8.1 Miljøsanering

Miljøsanering av kasserte køyretøy skal minst følgje krava i avfallsforskrifta kapittel 4, vedlegg 1 om kasserte køyretøy.

Ferdigsanerte køyretøy skal korttidslagrast på tappeplassen for at eventuell væske som er igjen i bilen kan drype av.

3.9 Vidarelevering av avfall

Verksemda skal leggje til rette for høgast mogleg grad av sortering og gjenvinning av alt avfall.

Vidarelevering av avfall skal skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta vedlegg II om karakterisering og kriterium for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11[4].

EE-avfall skal leverast til lovleg mottak eller behandlingsanlegg. EE-avfall som inneheld radioaktive kjelder skal handterast i samsvar med regelverk for Statens strålevern.

Farleg avfall skal leverast til anlegg med løyve etter forureiningslova til å ta imot farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

[4] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

4 Utslepp til vatn

4.1 Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall og eventuelt spyle- og vaskevatn og overvatn frå trafikkområde skal reknast som forureina avløpsvatn.

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering, inkludert under tak, er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast før levering til lovleg avfallsanlegg.

Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og etterpå infiltrerast i grunnen. Forureina avløpsvatn skal passere ein kontrollkum tilrettelagt for mengdemåling og uttak av prøver.

Det er ikkje tillate å sleppe ut forureina avløpsvatn til grunn og overvassystemet, inkludert vassførekomst Bekker Fleslandsområdet.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

4.2 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.

Eventuelt avløpsvatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrensa fastsett i tabell under blir halden. Oljeutskiljaren skal vere dimensjonert for dei faktiske vassmengdene som blir tilført.

Tabell: Utsleppsgrense for avløpsvatn forureina med olje

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseeining for avløpsvatn forureina med olje	Olje	5 mg/l

Verksemda må gjennomføre tiltak for å hindre utslepp av plast og liknande.

4.3 Utsleppsstad for avløpsvatn

Verksemda skal infiltrere det forureina avløpsvatnet i grunnen.

4.4 Reint overvatn

Reint overvatn skal førast vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Avrenning av reint overvatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Berre reint overvatn kan førast til vassførekomst Bekker Fleslandsområdet. Dersom målingane viser at overvatnet inneheld forureining må verksemda gjennomføre tiltak.

4.5 Oversikt

Verksemda må ha dokumentert oversikt over leidningsnett, kummar, tankar, oljeutskiljarar, utslepp- og prøvetakingspunkt og liknande.

4.6 Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløpsvatn skal handterast etter krav frå kommunen.

5 Utslepp til luft

Verksemda skal drive slik at støv og lukt ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

6 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg rundt verksemda skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	**Laurdagar**	**Sun- og heilagdagar**	**Kveld (kl. 19–23), kvardagar**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**
55 L_{den}	50 L_{den}	45 L_{den}	50 $L_{evening}$	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.
$L_{evening}$ er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.
L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.
L_{AFmax} er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si drift, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemdsområdet er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnt over som er etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

7 Omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for lukt, støv, forureina avrenning, samling av fugl, flygeavfall, skadedyr eller anna forureining eller andre ulemper for omgivnadane. Om nødvendig må tiltak setjast i verk. Nærare krav er omtalt under punkt 0, 4, 5 og 6.

8 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda plikter vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknadane av eit eventuelt utslepp til grunn og grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp til grunn og grunnvatn eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like jamleg. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadane og ulempene som verksemda skal unngå.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[5], eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningspotensialet i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukt, framstilt eller frigitt ved verksemda og treffe dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast forureiningsstyresmakta. Opplysningar om dei tiltaka den ansvarlege har sett i verk, skal gjerast tilgjengeleg for offentlegheita. Forureiningsstyresmakta kan stille ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå elles punkt 16.

8.1 Tilstandsrapport om forureina grunn og grunnvatn

Verksemda skal vurdere om dei må dokumentere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn, jf. forureiningsforskrifta § 36-21. Vurderinga skal gjennomførast i tråd med trinn 1-4 i Miljødirektoratet sin rettleiar M-630|2016 "Tilstandsrapport for industriområder ". Vurderinga skal sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2019.

Dersom vurderinga etter trinn 1-4 konkluderer med at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, må de gjennomføre trinn 5-8 (ref. rettleiar M.630/2016).

Resultat frå tidlegare undersøkingar kan inngå i dokumentasjonen. Program for undersøkinga i tråd med trinn 7 skal sendast Fylkesmannen for eventuelle kommentarar i god tid før igangsetting. Frist for å sende inn rapport er 1. august 2020.

9 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til

[5] Jf. Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid

kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.[6]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[7] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

10 Energleiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing. Systemet skal sikre kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.5 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan 31. desember 2019.

11 Avfall frå drifta av anlegget

Så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper pliktar verksemda å unngå at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal ho prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta[8].

Søl frå olje eller kjemikal skal fjernast med absorberande middel og behandlast som farleg avfall.

Avfall som oppstår skal om mogleg brukast på nytt i produksjonen. Dette må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

[6] Produktkontrollova § 3a om substitusjonsplikta
[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)
[8] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

12 Førebygging og beredskap mot forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse, og må vurdere resultata av analysen med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved endringar ved anlegget skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

På anlegget er det særskilte krav til innhald i risikovurderinga:

- All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering.

12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

12.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Viss aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

12.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[9]. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmhopostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

13 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

13.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal systematisk kartleggje alle utslepp frå verksemda til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av programmet for utsleppskontroll, jf. punkt 13.4.

Det er særskilt krav til oversikt over overvatn og forureina avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande røyrsystem og grad av forureining.

[9] Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

13.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre vurderingar, og målingar der det er naudsynt.

Målingar omfattar volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i *løyvet*
- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og med det er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling - prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

13.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at det særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta dersom slik tenesteyter finst.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulert gjennom presise grenseverdiar, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og –frekvensar gir representative prøver.
- jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

13.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 13.1 første ledd), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 13.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 13.3)

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- Ei utgreiing for verksemda sine faktiske utslepp til luft og vatn, og støy, med ein oversikt over alle utsleppstraumar, volum og innhald, til luft og vatn
- Ei skildring av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- Ei skildring av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvens for måleutstyrskontroll og kalibrering
- Ei grunngiving for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- Ei skildring av valde metodar/standard for analyse
- Viss aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og /eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- Ei utgreiing for kva for utsikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

13.5 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik frå førre år via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenkontrollrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no.

I tillegg skal verksemda innan 1. mars kvart år rapportere frå førre år til Fylkesmannen. Fylkesmannen kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, og kvar avfallet er levert vidare
- Lagerstatus ved slutten av året (31. desember)
- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Eventuelle avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak
- Vurdering av status for utslepp og påverknad av miljø vurdert opp mot krava i løyvet
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemda har heldt krava i løyvet og om verksemda fører til miljøulemper som bør utbetrast

14 Overvaking av resipient

Dersom måling av vatn viser tilførsel av forureining til elva vest for anlegget som er ein del av vassførekomst Bekker Fleslandsområdet, skal verksemda delta i overvaking av elva.

15 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille dei krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining som følgjer av relevante BAT-konklusjonar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Viss verksemda skal skifte ut utstyr som kan vere av vesentleg tyding for verksemda sitt utslepp, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

16 Eigarskifte

Om verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdratt, fisjoner/fusjonerer, får nye eigarar med bestemmande innverknad, på annan måte blir omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til forureiningsstyresmakta. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i samsvar med løyvet før forureiningsstyresmakta har mottatt og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet.

17 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Viss verksemda allereie har stilt garanti i samsvar med løyvet, kan forureiningsmynde i samband med ei nedlegging eller lengre driftsstans likevel krevje at garantien om nødvendig blir utvida.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[10]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

[10] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

18 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar:	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Ftalat	DEHP
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
Bisfenol A	BPA
Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 – Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelt i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelt i Norsk Standard lagt til grunn. I dei tilfelle der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk regelverk/standardar gjeld følgjande definisjonar:

Avløpsslam: Alle typar avløpsslam/slam som oppstår i samband med avløpsreinseanlegg, septiktankar/slamavskiljarar, mindre innretningar og samlekummar for avslamming av sanitært avløpsvatn og overvatn, og andre oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn.

Avløpsvatn: sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn

Behandling: prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne

Bulklast: last som blir frakta i laus form i lasterom eller vogner. Døme på bulklast er trevirke

Fast dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes asfalt. Ikkje grus og liknande

Handtering: fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling

Køyresterkt dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes grus

Lagring: all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna lovleg mottak

Omlasting: all overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar

Organisk avfall: matavfall, hageavfall og anna avfall som kan brytast ned frå hushald og næring, inkludert avfall frå industri som kan brytast ned, landbruk, akvakultur og avløpsslam

Overvatn: overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn

Sortert avfall: avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar

Stykkgods: last som blir frakta i einingar som kan handterast av kran eller køyretøy. Døme på stykkgods er fat, store sekkar eller pallar

Tett dekke: fast ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei material/avfallstypar som skal handterast på eller i

same område som det tette dekket (vatn, væske, faste stoff og liknande). Tett dekke er normalt betong i dag

Usortert avfall: avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling

Våtorganisk avfall: matavfall og avfall frå næringsmiddelindustri, som avfall frå produksjon av kjøt, fisk, meieriprodukt, øl og mineralvatn, frukt og grønt, og bakarvarer